Prinsipp for tildeling av treningstid i nye Ørstahallen

Utlysing og handsamingstid

1) Treningstidene vert utlyst med frist 1.mai kvart år.
2) Hallnemnda handsamar innkomne søknadar og fordeler treningstidene for komande år innan utgangen av mai.

Rammer

1) Treningstider i nye Ørstahallen vert lagt til kvardagar frå 15.00 – 21.00 (slutt 22.00).
2) Det kan søkjast om fast treningstid i treningsrom , på speleflater og for friidrettsfasilitetar.
3) Tildelt treningstime inkluderer tilgang til garderobe og styrkerom, i sambruk med andre lag med tildelt treningstid .
4) Treningstid vert tildelt for eit år og gjeld frå veke 32 i august til og med veke 26 i juli året etter.

Fakturering

1) Lag med tildelt treningstid vert fakturert for 44 veker, delt på to terminar.
2) Ved endringar som gjer at tildelt treningstid ikkje lenger vert nytta kan timen seiast opp skriftleg innan 1.desember. Laget som seier opp timen vert då ikkje fakturert 2.termin

Søknad

1) For større lag med fleire undergrupper, skal det sendast ein felles søknad.
2) Søknaden skal innehalde kva aktivitetar og aldersgrupper søknaden gjeld, samt namn og telefonnummer til ansvarleg trenar.
3) Lag med fleire undergrupper får tildelt timar og fordeler sjølve innbyrdes i laget.
4) Elektronisk søknadsskjema skal nyttast

Følgjande kriteria skal ligge til grunn i fordeling av treningstid:

- Lag frå Ørsta kommune vert prioritert før lag frå andre kommunar.
- Tradisjonelle inneidrettar vert prioritert framfor uteidrettar
- Nye Ørstahallen skal vere ein hall for alle
- Idrett for menneske med nedsett funksjonsevne skal tilgodesjåast med treningstid
- Aktivitetar som gir menneske som står utanfor den tradisjonelle idretten moglegheit til fysisk aktivitet skal tilgodesjåast med treningstid.
- Hallnemnda skal syte for at gunstige treningstimar vert fordelt rettferdig så langt det let seg gjere